



Pressemelding 22. april 2021

Startar vaksinerer av nye målgrupper

Alver kommune har starta vaksinerer av innbyggjarar mellom 18 og 64 år med underliggande sjukdommar.

Denne veka sette Alver kommune ny vaksinererekord igjen. Tysdag 20. april fekk 915 innbyggjarar koronavaksine på massevaksinasjon i Nordhordlandshallen.

– Vi er snart i mål med gruppe fire på [prioriteringslista til Folkehelseinstituttet](#) (FHI). Denne gruppa består av personar i alderen 65-74 og personar mellom 18 og 64 som har sjukdommar eller tilstandar som gir høg risiko for alvorlege forløp om dei får koronavirus. I løpet av neste veke vil dei fleste av desse ha fått begge dosane av koronavaksinen, fortel kommuneoverlege Terese Folgerø.

Risikogrubbene neste

Dei neste grubbene på prioriteringslista til FHI er:

- 55-64 år med underliggande sjukdommar
- 45-54 år med underliggande sjukdommar
- 18-44 år med underliggande sjukdommar

– Innbyggjarar i desse grubbene treng ikkje registrere seg i Helseboka. Vi har fått namnelister frå fastlegane i Alver, og sender to tekstmeldingar med time til første og andre dose. Er du i denne gruppa? Pass på at du les begge meldingane, fortel kommuneoverlegen og legg til:

– Dersom tidspunktet ikkje passar eller du som får ei slik melding ikkje ønskjer vaksinen, er det svært viktig at du tar kontakt med oss – så vi kan gi vaksinedosen til den neste på lista.

Over 65? Ta kontakt

Kommunen har bedt alle innbyggjarar som er født i 2003 eller tidlegare, som ikkje er i ei av risikogrubbene, om å registrere seg i Helseboka.

– Målet er å kartleggje kven som ønskjer vaksinen og gjere det enklare å invitere når vaksinane kjem. 14.000 innbyggjarar har registrert seg allereie. Det er utruleg bra, seier kommuneoverlegen og oppmodar alle som ikkje har registrert seg enno om å gjere det.



Ho oppmodar også innbyggjarar over 65 år, som enno ikkje har fått tilbod om vaksinen, om å ta kontakt med koronasenteret til kommunen.

Fleire vaksinar framover

Dei siste vekene har Alver kommune fått om lag 1000 vaksinedosar i veka. Etter massevaksinasjonen denne veka har kommunen sett om lag 8000 vaksinedosar.

– Vi ventar betydeleg auke i leveransane framover. Største delen av vaksininga vil skje i sommarmånadane. Vi må setje om lag 35.000 vaksinedosar til for å kome i mål med vaksining av alle innbyggjarar over 18 år, seier kommuneoverlegen.

– Vaksine held seg berre fem dagar etter at dei kjem til oss. Difor er det viktig at alle møter opp til vaksinasjon når dei får time, også i ferien, understrekar kommuneoverlegen.

Kontaktperson for pressemeldinga:

- Silje Andvik Hoaas, kommunikasjonsleiar
E-post: silje.andvik.hoaas@alver.kommune.no
Mobil: 456 62 114